

# Årsmelding 2022

---

- **Styret**

Styret for Austrheim skulekorps har vore sett saman slik:

Leiar:	Ayna Camilla Budal Soltveit
Nestleiar:	Rakel Steffensen
Kasserar:	Radmila Dukic
Skrivar:	Elisabeth Jensen Risnes
Styremedlem:	Wendy Zhao
Styremedlem:	Renee Semmingsen
Vara:	Alisa Njøten
Vara:	Bjørn Helge Olsen
Tillitsvalt:	Matej Lucas Milosevic
Revisor:	Jan-Olav Eidsnes

Vi har hatt 4 styremøte i år, i tillegg til kontakt via Messengergruppe og epost.

Saker som har vore oppe har vore planlegging av øvingshelg og konsert vår 2022, aspirantopptak, aktivitetsplan for hausten 2022, økonomi, innkjøp av uniformsvestar.

- **Korpset**

Korpset består av 18 musikantar, 3 faste vaksne musikantar (Det er også fleire som har stilt opp ved behov.) og 8 aspirantar.

Simon-Emil Bergstrøm Waage har vore dirigent heile 2022. Trude Bertelsen har vore instruktør for treblås. Nicholas Budal Soltveit har vore instruktør for slagverk. Sebastian Budal Soltveit, Stefan Cooper og Ayna Camilla Budal Soltveit har vore messingblåsinstruktørar.

Det har vore gjennomført korpsøving kvar veke. Korpset arrangerte øvingshelg (med deltaking for musikantar frå Fedje), med overnatting på Årås skule i april og konsert på Samfunnshuset i mai. Korpset deltok på 17. mai og på avslutningskonsert for Kulturskulen.

Korpset, saman med Fedje skulekorps, arrangerte øvingshelg på Fedje i slutten av oktober. Samarbeidskorpset Austrheim og Fedje deltok på Mangerfestivalen. Korpset spelte på julegateopninga og i kyrkja på julaftan.

- **Inntekter:**

Sjå rekneskapen.

- **Utgifter:**

Sjå rekneskapen.

- **Speleoppdrag og arrangement:**

Øvingshelg Årås skule

Speling ved kyrkja, i toget og ved Nordliheimen på 17. mai

Konsert på Samfunnshuset

Avslutningskonsert for Kulturskulen

Øvingshelg Fedje

Mangerfestivalen

Julegateopning på Mastrevik Torg

Speling i kyrkja på julaftan

- **Kontingent**

Kontingenten 2022 har vore:

Musikantar under 19 år: 750,- pr halvår

Aspirantar: 600,- pr halvår

Sysken: 600,- pr halvår

Halvårsplan ligg vedlagt

Rekneskapet ligg vedlagt

Budsjett ligg vedlagt